

Årsmelding for Gudbrandsdal historielag Dølaringen 2022

1: Årsmøtet 2022

Årsmøtet fann stad på Hundorp, Dale-Gudbrands gard 15.05.2022. Før sjølve årsmøtet var det omvising på garden Steig, med orientering av August Johan Evensen som driftar garden saman med Karen Elise Steig. Jostein Valved hadde også ei orientering om slektshistoria på garden

Omvisinga på Steig starta kl. 12.00, og her møtte 32 personar. Alle var etterpå invitert til kaffe og biteti på Dale-Gudbrands gard på Hundorp, 1000-årsstaden i Oppland. Under kaffen på Dale-Gudbrands gard, orienterte Rasmus Stauri om måleria i Einbusalen, og om målaren Ragnvald Einbu.

2: Styret 2022

Etter årsmøtet har vi hatt desse tillitsvalde:

Styret		Periode	(vald 1. gong)
Styreleiar:	Torveig Dahl (Ringebu), attvald for eitt år	2022-2023	(2015)
Styremedlem	Kjell Voldheim (Sel)	2022-2024	(2020)
Styremedlem	Rasmus Stauri (Sør-Fron)	2022-2024	(2020)
Styremedlem	Geir Beitrusten (Lillehammer)	2021-2023	(2016)
Styremedlem	Åse Haugstad (Lesja)	2021-2023	(2021)
Varafolk til styret:	1. vara Grete Lilleseier (Fron)	2022-2023	
	2. vara Arne Halvorsen (Gausdal)	2022-2023	
	3. vara Nanzy Rusten (Øyer), ny	2022-2023	
Revisor:	Knut Raastad (Vågå), attval	2022-2023	
Valnemnd:	Jon Sylte (Gausdal), leiar	2020-2023,	
	Olaug Widme (Ringebu)	2021-2024	
	Oddvar Romundset (Lesja)	2022-2025	

Kjell Voldheim fekk permisjon/trakk seg frå styret grunna sjukdom hausten 2022, 1. vara, Grete Lilleseier har etter dette rykka inn i styret. Etter årsmøtet konstituerte styret seg. Etersom ingen av dei andre ville ta på seg å vera kasserar, har Torveig Dahl fungert som kasserar. Åse Haugstad har vore skrivar etter Kjell Voldheim.

3: Rekneskap 2022

Rekneskapen for 2022 viser eit *driftsunderskott* på kr 34.645 (2021: *underskott* på kr 11.181). Sum eigenkapital pr. 31.12.2022 var kr **403.701** (2021: kr 436.543). Rekneskapen er ført av Rekneskap Innlandet SA. Rekneskapen er revidert av Knut Raastad.

4: Medlemskap

Pr. 31.12.2022 har GHD 51 personlege medlemmar og 16 medlemslag. Årspengar er hhv. kr 150 for enkeltmedlem og kr 500 for lagsmedlem. Det har vore sendt ut mykje informasjon om Kveldsseto, og andre arrangement pr. epost til alle, samt annan relevant informasjon.

5: Styrearbeid

I 2022 har styret hatt 3 fysiske styremøte og behandla 21 saker. Haustmøtet var som vanleg i boklageret, der var også varamedlem til styret inviterte og lageransvarleg, Kjell Helge Moe. Han orienterte om arbeidet med boksal og lager. I tillegg har det vore ein god del kommunikasjon på e-post. Jf. tiltaksplan som vart vedteken på siste årsmøtet, har styret arbeidd med:

5a Årbok for Gudbrandsdalen

Redaktør er Geir Beitrusten. Årboka 2022 er på 210 sider med stoff spreidd over heile dalen. Dette er 90. årgang. Boka hadde normalt sal, 2022: kr 184.171 (2021:184.415), dette utgjør ca. 825 bøker til

innkjøpspris butikk, utsalpspris er kr 315. Opplaget var på 1200 x. Redaktøren har sendt ut pressestoff til alle avisene og vart følgd opp av styret. Vi fekk omtale i lokalavisene. I avisa **gd** fekk vi stor omtale (framsida og to sider inne i avisa) av ein artikkel av Tore Pryser om Erling Bjørnson og Aulestad. Redaktøren og andre i styret har vore på møte i fleire lokallag og orientert om boka.

Det er styret som leverer ut bøkene til ulike butikkar og andre i dalen, medan Kjell Helge Moe er engasjert for å sende ut alt som skal sendast og samarbeider med redaktøren om utlevering i Lillehammer. Dette vart følgd opp av styret framover mot jul med evt. påfyll av bøker.

Redaktøren har orientert om årbokarbeidet med tilhøyrande drøftingar på styremøta, elles har det vore kommunikasjon og oppdateringa via e-post. Det har vore gjort fleire forsøk på å få med ein til i redaksjonen, men ein har ikkje lukkast med dette. Beitrusten har varsla at boka 2023 er siste boka han er redaktør for aleine. Det er oppretta eige fjesbokside for årboka, administrator er redaktøren.

5b Utvikle nye og meir funksjonelle nettsider (heimeside)

Dette har vore ein gjengangar i styrearbeidet siste året, utan at det har gitt resultat. Vi har ikkje funne nokon som vil vera med oss og leggje opp nye og meir funksjonelle sider. GHD har ikkje midlar til å engasjere nokon på kommersielt grunnlag. Styret arbeider vidare med å få dette på plass.

5c Gudbrandsdalsseminaret

Grunna pandemien, var det ikkje noko seminar 2021, og for 2022 vart det sett ut til 2. mai med temaet (som skulle ha vore i 2021): «*Gudbrandsdalen i 1000 år - Kultur møte og endring. 1000 år med ein kristna Gudbrandsdal*». Det var godt frammøte og som vanleg ein god møtestad for lokalhistorieinteresserte. Seminaret blir arrangert på Maihaugen.

Arrangør er Lillehammer Museum, Maihaugen, Gudbrandsdalsmusea og Gudbrandsdal historielag Dølaringen. Fylkeskommunen har trekt seg frå samarbeidet etter samanslåing av dei to fylka. Arne Skuterud og Ivar Teigum er GHD sine representantar i arrangements-komiteen, Skuterud er leiar og kasserar. På seminaret vart Teigum takka av etter stor innsats i komiteen sidan oppstarten. Styret for GHD har oppnemnd Tormod Stauri som ny representant.

5d Styrke samarbeidet i lokallaga

Styreleiar har løpande kommunikasjon med lokallaga og enkeltmedlemmar gjennom året. Særleg er det viktig å spreie informasjon om lokalhistoriske arrangement, Kveldsseto ol. i dalen, og anna relevant informasjon til laga.

5e Vera regionlag for Landslaget for Lokalhistorie

I 2021 var det digitalt årsmøte i LLH (annakvart år). Det var regionlagsleiar møte på Gardermoen 7. mai der styreleiar orienterte om arbeidet i GHD. Det andre regionlags leiar møtet var digitalt 7. november, Torveig Dahl vart vald inn i styret på årsmøtet i 2021.

5f Bokfondet

Styreleiar i Vågå historielag og styreleiar i GHD er jury for Bokfondet. Etersom Dahl var inhabil (var redaktør for ei bok det var søkt om), valde styret Geir Beitrusten som vara til juryen i 2022.

- Snøhetta forlag fekk kr 7.500 i tilskott til boka «*Anna Thora og hennes samtidige. Fra bondeadel til Bjørnson-dynasti*», forfattar Astrid Ragna Vestad.
- Gudbrandsdalsmusea fekk kr 7.500 i tilskott til boka «*Familien Sveen – skapande hender i tre gene-rasjonar*», redaktør og medforfattar Torveig Dahl.

Alle som får tilskott, leverer bok til GHD, som innlemmar alle nye bøker i vår boksamling som er oppbevara og tilgjengeleg i Midtdalsarkivet, Ringebu (Opplandsarkivet avd. Gudbrandsdalsmusea). Tilsaman vart det løyvd og utbetalt kr 15.000 i 2022). Ved årsskiftet er fondet på kr 47.883.

Hundorp 7. mars 2023

Styret i Gudbrandsdal historielag Dølaringen,

Torveig Dahl

Geir Beitrusten

Rasmus Stauri

Åse Haugstad